

---

Saksnr: 2021/52325-1  
Saksbehandlar: Matti Torgersen  
Dato: 25.10.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesdirektøren

---

## Investeringsprogram til Regional transportplan - Vidare framdrift

Fylkesdirektøren fremjar i eiga sak som går parallelt med denne saka, framlegg til Regional transportplan 2022-2033 med handlingsprogram. Det har ikkje vore tid til å innarbeida lister over framtidige investeringar i handlingsprogrammet (investeringsprogrammet). Fylkesdirektøren legg opp til vedtak av investeringsprogrammet i juni 2022.

Fylkesdirektøren gjer her greie for prosessen med investeringsprogrammet fram mot fylkestinget i juni 2022.

Det vert teke sikte på å avklare framtidig inndeling og struktur for investeringsprogrammet, og dermed også for framtidige økonomiplanar til fylkeskommunen. Vidare skal den innehalde framlegg til langsiktige prioriteringslister for store prosjekt i planperioden fram mot 2033.

For å sikre politisk forankring og medverknad i arbeidet under vegs, tek fylkesdirektøren sikte på å leggje fram referatsaker (RS-saker) til Hovudutval for samferdsel og mobilitet under vegs i prosessen.

Fylkesdirektøren legg opp til følgjande framdrift for arbeidet:

RS-sak til Hovudutval for samferdsel og mobilitet 12. januar med framlegg til struktur for investeringsprogrammet, med inndeling og fordeling av økonomiske midlar i investeringsprogrammet til ulike føremål. Det vil vidare bli gitt eit oversyn over aktuelle prosjekt som kan vere aktuelle å innarbeide i investeringsprogrammet.

RS-sak til Hovudutval for samferdsel og mobilitet 16. februar med framlegg til investeringsprogram med langsiktige prioriteringslister.

Etter møte i Hovudutval for samferdsel og mobilitet 16. februar, tek fylkesdirektøren sikte på å sende ut framlegg til investeringsprogram til kommunane med moglegheit for innspel. Frist for innspel vert sett til fredag 1. april.

Fylkesdirektøren legg fram sak investeringsprogrammet til fylkestinget 21.- 22. juni, etter innstilling i Hovudutval for samferdsel og mobilitet 24. mai og i fylkesutvalet 1-2. juni.

Fylkesdirektøren vil orientere kommunane om framdrifta for investeringsprogrammet.